

VEDTEKTER
FOR
STOKKENES GOLFPARK SA

Organisasjonsnummer 983 564 445

Vedtekne på årsmøte 17. januar 2014

§1. Selskapsform

Stokkenes Golfpark SA, heretter kalla laget, er eit selskap med vekslande medlemstal, vekslande kapital og begrensa ansvar. Medlemane hefter berre med sitt andelsinnskot for lagets forpliktingar. Laget har kontor i Eid kommune. Rekneskapsåret følgjer kalenderåret.

Stokkenes Golfpark er eigd fullt og heilt av Nordfjord Golfklubb(NGK)

§2. Formål

Laget sitt formål er drifting av golfpark – bane etter ideelle prinsipp. Laget er eigd av NGK og vert drive i henhold til vedtektene og til dei retningslinjer for drift som årsmøtet fastset. Eventuelt overskot skal gå til vidareutvikling av laget.

§3. Medlemsskap

Som medlemar vert det oppteke enkeltpersonar, bedrifter eller organisasjonar som ynskjer å nytte laget og som identifiserer seg med laget sitt formål, vedtekter og retningslinjer.

§4. Andelskapital

Kvar medlem teiknar minst ein andel. Prisen på kvar andel og tal eigarar som skal utstedast, vert å fastsette av årsmøtet. Andel(ane) vert å innbetale fullt ut til laget sin bankkonto. Styret fører protokoll over medlemar og andelar, samt utsteding av andelsbevis. Andelen kan ikkje pantsetjast. Andelsinnskotet skal ikkje forrentast og det skal ikkje utbetalst utbytte til andelseigarane.

Laget sine andelar skal vere fordelt på to(2) klassar:

A - andelar har alle rettigheter. Pris for A – andel er kr. 7.500,-

B – andelar gjev ikkje stemmerett på årsmøtet, men har møte og forslagsrett. Pris for B – andel er kr. 3.000,-

§5. Medlemane sine plikter og rettigheter

Kvar andel gjev klubbrettigheter for andelseigaren. Klubbrettighetane vert fastsatt av årsmøte. Medlemane har rett til lik og rettferdig bruk av laget sine tenester. Medlemane har rett og plikt til å ta i mot tillitsvern. Medlemane pliktar å følgje vedtekter og retningslinjer for laget.

§6. Laget sitt organ og myndigheitsområde

1. Styret

Laget vert leia av eit styre, og er forplikta av underskrift av leiar og eit styremedlem i fellesskap. Styret vert valt av årsmøtet. Styret består av leiar og minimum fire(4), maksimum ni(9) styremedlemar. Valperioden er eit(1) år for leiar og to(2) år for styremedlemar. Det skal velgast ein(1) varamedlem til styret. Som vert valde for to(2) år. Styret førebur årsmøtet, og har også ansvar for gjennomføring av medlemsmøte, samt styremøte etter behov. Laget fører protokoll frå møta. Leiar har ansvaret laget sin daglege drift, samt at drifta er etter laget sine vedtekter og retningslinjer.

2. Årsmøte

Årsmøte er laget sitt øvste organ. Det skal minimum vere eit årsmøte årleg. Årsmøtet finner stad innan utgangen av februar. Til årsmøtet føreligg styrets årsberetning og saksliste for årsmøtet. Forslag til saker til behandling på årsmøtet, må føreligge styret minst tre(3) veker før årsmøtet. Vedtak på årsmøte vert å treffe med alminneleg fleirtal. Årsmøtet skal elles handsame:

- a. Godkjenning av innkalling og dagsorden
- b. Val av møteleiar, referent og to medlemar for signering av protokoll
- c. Styret sin årsberetning
- d. Rekneskap og budsjett
- e. Fordeling av disponible midlar
- f. Fastsetting av arbeidsplan for komande år – Handlingsplan
- g. Val av styreleiar
- h. Val av styremedlemar og varamedlemar
- i. Event. val av underkomitéar
- j. Andre innkomne saker
- k. Eventuelt

3. Ekstraordinært årsmøte

Når minst 1/3 av medlemane eller styret krev det, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte. Årsmøte skal kallast inn med minst ti(10) dagars frist. Innkallinga skal innehalde sakspapir til dei saker som skal handsamast.

\$7. Overdraging av andelar

Det vert vist til eigne andelsvedtekter

\$8. Innmelding og utmelding av medlemmar

Årsmøtet vedtek tidspunkt for utsteding av nye andelar og pris pr. andel

\$9. Økonomiske plikter

Vedtak om endring av laget sine økonomiske plikter som opptak av lån og foreta større investeringar krev minst $\frac{3}{4}$ fleirtal på årsmøte.

\$10. Vedtektsendring

Forslag til vedtektsendringar må, for å kunne handsamast på årsmøte, vere nemnd i innkalling. Til endring av vedtekter er det krav om $\frac{3}{4}$ fleirtal på årsmøte.

\$11. Sanksjonar

Medlemar som opptrer grovt aktlaust, eller på annan måte antas å kunne skade laget, kan etter vedtak i årsmøte verte ekskludert frå laget. Årsmøtet stiller tilsvarende krav for handsaming som i \$10.

\$12 Oppløysing av laget

Forslag til oppløysing av laget må framsetjast minst ein(1) mnd. før innkalling til årsmøtet. Vedtak om oppløysing krev minst $\frac{3}{4}$ fleirtal på ordinert årsmøte, med minst $\frac{2}{3}$ av medlemmane frammøtt. Møter det færre må forslaget opp på nytt årsmøte. Forslaget kan då verte vedteke med $\frac{3}{4}$ fleirtal av frammøtte medlemmar. Ved oppløysing av laget skal all gjeld betalast. Deretter vert laget sitt eventuelle nettoformue delt på eit godt formål, fastsett av årsmøtet.

\$13. Voldgift

Twist mellom medlemmane eller mellom eit medlem og laget skal søkjast løyst ved forhandlingar. Fører ikkje slik forhandling fram skal tvisten avgjerast av ein voldgiftsrett på tre(3) medlemmar. Av desse vel partane ein medlem kvar. Leiar vert oppnemnd av Fjordane Tingrett, eller tilsvarende gjeldande myndigheit som skal vere sakkyndig i den aktuelle twist/sak.

